



# Kinn kommune

## Møtebok

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Florø kulturhus, Speilsalen  
**Dato:** 24.05.2022  
**Tid:** Kl. 09:15 - 15:15

---

<b>Følgjande medlemmer møtte</b>	<b>Parti</b>
Helen Hjertaas	Kinn AP
Bjørn Hollevik	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Kjell Heggen	Kinn Rødt

<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Parti</b>
Tom André Vedvik Hopland	Kinn SP	Nils Myklebust	

### Møtenotater:

Vest kontroll:  
Jostein Støylen, dagleg leiar.  
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar.

Vestland revisjon KO:  
Asgeir Tveit, dagleg leiar/revisjonssjef.  
Bjarte Urnes, statsautorisert revisor.  
Stig Årdal, forvaltningsrevisor. I sak PS005.

Kinn kommune:  
Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør.  
Ola Teigen, ordførar.  
Linda Nipen, kommunalsjef økonomi.  
Norvall Bakke, rekneskapssjef.

Bordgleder Kinn kommune KF:  
Halvor Halvorsen, dagleg leiar.

Allhuset Eikefjord:  
Robert Kalsvik, dagleg leiar.  
Lars Terje Standal, styreleiar.

Florø Hamn KF:  
Linda Mortensen Midtbø, hamnesjef.  
Henriette Hatling, marknads- og økonomiansvarleg.


Havhesten KF:  
Magny Kalvøy Rogne, dagleg leiar.  
Anders Ole Sunnarvik, styreleiar.

Kinn utdannings- og ressurscenter KF:  
Ninja Tolo Ness, dagleg leiar.

Kjell Heggen  
Leiar i kontrollutvalet

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Refererte skriv og meldingar
004/22	Kommunedirektøren og kontrollutvalet. Forventningar begge vegar
005/22	Prosjektplan - Kinn kommune - Arbeidsmiljøet i oppvekstsektor
006/22	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021
007/22	Rekneskapsutskrift og årsmelding 2021 Allhuset Eikefjord KF
008/22	Rekneskap og årsmelding 2021 Bordgleder KF
009/22	Rekneskap og årsmelding 2021 Florø Hamn KF
010/22	Rekneskap og årsmelding 2021 Havhesten KF
011/22	Rekneskap og årsmelding 2021 Kinn utdannings- og ressursenter KF
012/22	Rekneskap og årsrapport 2021 og konsolidert rekneskap
013/22	Vedtaksoppfølging
014/22	Saker til eventuell seinare behandling



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/34977  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Godkjenning av sakliste:


Det kom spørsmål om kvifor den nye edb løysinga gjer at saksnummera byrjar på sak 001 og ikkje følgjer saksrekkefølgja frå forrige møte, og om dette ikkje er mogleg å få korrigert. Dagleg leiar opplyste om at dette er gjennomgåande for alle kommunane i den nye edb løysinga. Dersom dette ikkje let seg rette vil det kome forklaring i årsmeldinga til kontrollutvalet for 2022. Elles opplyste dagleg leiar at det har vore ei stor utfordring for Vest kontroll, Kinn kommune og IKT Nordfjord å få skikkeleg på plass den nye løysinga. Det vert jobba intenst for å løyse feila som har oppstått i implementeringa.

#### Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOUT- 001/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/34978  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

#### Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


#### KOUT- 002/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

#### Vedlegg i saken:

Protokoll - 30.03.2022



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/34979  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Refererte skriv og meldingar

### Dagleg leiar si tilråding:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

### Underliggende sak:

001/22, Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid

002/22, Kontrollutvalsdagen - invitasjon

003/22, KMD - Svar på spørsmål om status for lovtolkning

004/22, Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren

005/22, Økokrims trusselvurdering 2022 - NKRF

## Kontrollutvalet 24.05.2022:

### Handsaming:

Dagleg leiar orienterte kort om kurs i eigarstyring og styrearbeid, og kontrollutvalsdagen på Skei. Han oppmoda om å melde på kurset.


Når det gjeld RS 004 - Uetisk adferd og korrupsjon i kommunesektoren, vil kontrollutvalet vurdere å stille spørsmål til kommunedirektøren om status i kommunen i eit seinare møte.

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOUT- 003/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34963

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Kommunedirektøren og kontrollutvalet. Forventningar begge vegar

### Dagleg leiar si tilråding:

Ikkje forslag til vedtak, då avklaringane i møtet vil vere avgjerande for vedtaket.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

#### KOUT- 004/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek til etterretning tilhøva som kom fram i saksopplysning og i samtalen med kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen.

#### Saksopplysningar:

Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.

- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med møta eller deler av møta, i spesielle saker.
- Kommunedirektøren må ha høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp i kva møte og kva når i møta han har best høve.
- Kommunedirektøren bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Kommunedirektøren har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, om den han evt. har med orienterer eller om han i enkelte høve sender nokon utan sjølv å have til å møte.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til kommunedirektøren) eller vil han at innkallinga skal gå gjennom han?
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog som skapar tillit begge vegar.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger for ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og kommunedirektør ynskjer å ta opp.


Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og kommunedirektør er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten slike saker vert løyst på er viktig for kommunen sitt omdøme.

**Vest kontroll**

Jostein Støylen

Dagleg leiar





# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34965

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Prosjektplan - Kinn kommune - Arbeidsmiljøet i oppvekstsektor

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med Prosjektplan datert 12.05.2022.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet og kommunestyret vinteren 2022/23.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

, foreslått av ,

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med Prosjektplan datert 12.05.2022, med slik endring av siste kulepunktet (kulepunkt 5) på side 1 i prosjektplanen: Prosjektet skal rettast mot lærarane og andre tilsette sin totale arbeidssituasjon.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet og kommunestyret vinteren 2022/23.

Forvaltningsrevisor Stig Årdal orienterte og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalsleiar kom med slikt endringsforslag i punkt 1:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med Prosjektplan datert 12.05.2022, med slik endring av siste kulepunktet (kulepunkt 5) på side 1 i prosjektplanen: Prosjektet skal rettast mot lærarane og andre tilsette sin totale arbeidssituasjon.

Kontrollutvalsleiaren sitt endringsforslag samrøystes vedteke. Punkt 2 i tilrådinga frå dagleg leiar vart samrøystes godteke.

### KOUT- 005/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt i samsvar med Prosjektplan datert 12.05.2022, med slik endring av siste kulepunktet (kulepunkt 5) på side 1 i prosjektplanen: Prosjektet skal rettast mot lærarane og andre tilsette sin totale arbeidssituasjon.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet ligg føre slik det kan behandlast i kontrollutvalet og kommunestyret vinteren 2022/23.

**Samandrag:**

Forvaltningsprosjektet bør utførast i samsvar med prosjektplanen som Vestland Revisjon har utarbeida.

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet gjorde i møte den 30.03.22 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt knytt til Arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren – Kinn kommune.

Prosjektplanen ligg no føre, dat.12.05.2022.

**Problemstillingane er:**


- *Har Kinn kommune etablert avviks- og varslingsystem som godt nok fangar opp fysisk- og psykisk vald i oppvekstsektor?*
- *Blir varslings- og avvikssystemet for slike saker brukt av og i skulane slik det er bestemt i Kinn kommune?*
- *Korleis blir avviks- og varslingsaker rapportert og følgt opp av skule- og kommuneleiing?*
- *Er det utarbeidd styringsdokument/rutinedokument for korleis tilsette som blir råka av psykisk- og fysisk valdsrelaterte avvik/varslingar skal følgjast opp av arbeidsgjevar?*
- *Korleis blir desse følgt opp?*

**Vurdering og konklusjon:**

Sekretariatet si vurdering er at forvaltningsprosjektet bør utførast i samsvar med den framlagde prosjektplanen som Vestland Revisjon har utarbeida og viser til denne som ligg ved saka.

**Vedlegg i saken:**

Prosjektplan - Kinn kommune - Arbeidsmiljøet i oppvekstsektor



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34966

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2021

### Dagleg leiar si tilråding:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Dagleg leiar/revisjonssjef Asgeir Tveit orienterte blant anna via power point som vert lagt på saka.

Det kom spørsmål om dei nummererte breva som gjaldt dei kommunale føretaka. Det var semje om at det vart fellesorientering under denne saka i staden for å ta det opp i dei følgjande sakene med rekneskap og årsmelding i dei forskjellige føretaka.

Orienteringa vart gjort av dagleg leiar/revisjonssjef Asgeir Tveit, kommunalsjef økonomi Linda Nipen og rekneskapsjef Norvall Bakke.

### KOUT- 006/22 Vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2021.

### Samandrag:

I Kommunelova og Forskrift for kontrollutval og revisjon går fram kontrollutvalet sitt på-sjå oppgåve/ansvar overfor revisor og revisor sitt arbeid med finansiell revisjon. Ut frå dei tiltak og den dokumentasjon som er ein har fått og er tilgjengeleg no, har ein ikkje funne grunn til merknader utover det som kjem fram under saksopplysningar.

### Saksopplysningar:

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, kan vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

Saka omhandlar revisjonen sitt arbeid for kommunen og dei kommunale føretaka (KF).

I Kommuneleva frå 2018 § 23-2 står det at kontrollutvalet skal sjå til at:

- a. kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c. det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Kontrollutvalet si oppgåve er utdjupa i Forskrift om kontrollutval og revisjon frå 2019 § 3. Denne ligg ved saka.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

### **Vurdering og konklusjon:**

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren frå NKRF:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.

*Krava her er følgt opp.*

2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.

*Oppdragsansvarleg revisor er dagleg leiar i Vestland Revisjon som har autorisasjon som statsautorisert revisor. Vandelsattest vart krevd for å få autorisasjonen.*

3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.

*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.*

4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.

*Så langt vi har kjennskap til revisor er vedkomande uavhengig.*

*Vi føreset at oppdragsansvarleg revisor og revisormedarbeidar vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuelle endringar.*

5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.

*Kontrollutvalet og Sekretariatet har tre års erfaring med Vestland Revisjon. Vår kjennskap til kva revisjonsarbeidet i Kinn Kommune omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring og erfaring med Vestland Revisjon og tidlegare Kommunerevisjonen i Nordfjord.*

*Vestland Revisjon orienterte Kontrollutvalet om si planlegging av finansielle revisjon for 2021 i sak 49/21.*

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.

*Kontrollutvalet har enno ikkje samarbeidsavtale med revisjonen. Dette vert det*

jobba med.

7. Revisjonsstrategi.

*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 49/21. Sjå pkt 5.*

8. Nummerert brev.

*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2021. Det er motteke nummererte brev for alle dei kommunale foretaka i 2022 som gjeld rekneskapen for 2021. Det vert her vist til behandlinga av rekneskapane for 2021 og revisor vil kunne gi forklaring i møtet.*

9. Mislegheiter.

*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.*

10. Revisjonsmeldinga.

*Revisjonsmelding ligg føre for Kinn kommune den 11.05.2022, for Allhuset Eikefjord 11.05.2022, Bordgleder Kinn kommune KF 10.05.2022, Florø Hamn Kinn kommune KF 09.05.2022, Havhesten Kinn kommune KF 10.05.2022, og Kinn Utdannings- og Ressurssenter KF 11.05.2022.*

11. Revisor sin møteplikt og møterett.

*Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*

12. Revisor har i revisjonsmeldinga uttala seg om dei tilhøve lovverket

*krev når det gjeld årsrekneskapen og årsmeldinga, og vi viser til desse (kommunen og dei Allhuset Eikefjord og dei kommunale foretaka (KF).*

13. Revisor sin opplysningsplikt.


*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og Kontrollutvalet burde hatt.*

Revisor blir til stades i Kontrollutvalsmøtet, og kan såleis gi utfyllande opplysningar og svare på spørsmål.

Ut frå munnlege og skriftlege orienteringar samt gjennomgangar frå revisjonen har vi per dato ikkje opplysningar som gir grunn til å kome med merknader til revisor sitt arbeid.

### **Vedlegg i saken:**

1 Veileder til Kontrollutvals- og revisjonsforeskriften § 3



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34967

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskapsutskrift og årsmelding 2021 Allhuset Eikefjord KF

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11.05.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde rekneskapsutskrifta frå Kinn Kommune vedkommande Allhuset Eikefjord, som viser eit netto driftsresultat på kr 60 215, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet meiner at den framlagde årsrapporten/sluttrapporten kan godkjennast.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Styreleiar Lars Terje Standal og dagleg leiar Robert Kalsvik orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 007/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11.05.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde rekneskapsutskrifta frå Kinn Kommune vedkommande Allhuset Eikefjord, som viser eit netto driftsresultat på kr 60 215, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet meiner at den framlagde årsrapporten/sluttrapporten kan godkjennast.

### Samandrag

Utskrifta frå Kinn Kommune sin rekneskap vedkommande Allhuset Eikefjord viser vesentlege positivt budsjettavvik.

Det er ein del endringar i den nye kommunelova og økonomiforskrifta frå og med 2020. Ikkje alle desse endringane er innarbeida for 2021. Sidan 2021 er siste året Allhuset Eikefjord rapporterer på denne måten, kan rekneskapsutskrift og årsrapport/sluttrapport likevel godkjennast.

## **Faktaopplysningar**

Ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding gjeld frå 2020.

Allhuset Eikefjord driv samfunnshus i Eikefjord.

Allhuset har eige styre. Det har vore vanleg med eiga revisjonsmelding.

Ny og hensiktsmessig driftsform og organisasjonsform er no utgreia. Allhuset blir lagt som eige driftsavsnitt under Føremålsbygg i Kinn Kommune frå 2022.

Netto driftsresultat (overskot) er på kr 60 215. Det er vesentleg betre enn budsjettet. Overskotet i 2020 var på kr 163 179.

## **Revisjonsmeldinga**

Revisjonsmeldinga inneheld ei presisering. Revisor sin konklusjon om rekneskapen: Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Allhuset Eikefjord per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Revisor har presisering vedkommande straum, sjå revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

1. Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.
2. Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
3. Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

## **Utskrift frå Kinn Kommune/særrekneskap**

Det er ikkje utarbeida eigen balanse eller notar.

## **Årsrapport/sluttrapport**

Årsmeldinga gir eit innblikk i utstyr og delar av bygget som har blitt skifta ut i 2021.

Den nye kommunelova § 14-7 stiller meir omfattande krav enn tidlegare til årsmeldinga si omtale av:

- økonomiske utvikling, - stilling og –handleevne over tid
- vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap
- etiske standard
- likestilling og integrering

Punkta i § 14-7 er i lita grad omtala.


## **Avslutning**

- Revisjonsmeldinga inneheld ei presisering.
- Rekneskapsutskrift og årsrapport/sluttrapport kan godkjennast.

**Vedlegg i saken:**

- 1 Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2021 - Allhuset
- 2 Årsrapport og rekneskap Allhuset Eikefjord





# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34968

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskap og årsmelding 2021 Bordgleder KF

### Dagleg leiar si tilråding

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 10.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 530 301, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar og oversikt over viktige rekneskapsprinsipp
1. Kontrollutvalet meiner at selskapet har god ein god jobb med betring av økonomistyringa, og meiner at det framleis må ha sterk fokus.
2. Kontrollutvalet ber om at alle krav i kommunelova §14-7 blir med i årsmeldinga frå neste år, men meiner likevel at årsmeldinga for 2021 kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet har motteke brev frå revisor om feil i utrekninga av arbeidsgjevaravgift.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Dagleg leiar Halvor Halvorsen orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 008/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 10.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 530 301, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar og oversikt over viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet meiner at selskapet har gjort ein god jobb med betring av

- økonomistyringa, og meiner at det framleis må ha sterk fokus.
4. Kontrollutvalet ber om at alle krav i kommunelova §14-7 blir med i årsmeldinga frå neste år, men meiner likevel at årsmeldinga for 2021 kan godkjennast.
  5. Kontrollutvalet har motteke brev frå revisor om feil i utrekninga av arbeidsgjevaravgift.

### **Samandrag**

Føretaket har hatt vesentleg betring av det økonomiske resultatet i forhold til 2020. Selskapet har teke Kontrollutvalet si oppmoding til å betre økonomistyringa alvorleg og vil halde fram med arbeidet.

### **Faktaopplysningar**

Ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding gjeld frå 2020.

Selskapet som har 10 tilsette, driv med produksjon, sal og distribusjon av mat frå kjøkken i Florø. Hovudaktiviteten er matlevering til:

- institusjonar og omsorgstrengande heimebuande innbyggjarar i Kinn Kommune
- mannskap på 42 ferjer i Fjord1, Norled og Boreal

Økonomi- og personal-tenester blir kjøpt frå kommunen.

Kontrollutvalet har motteke brev frå revisor om bruk av for lav prosentsats og dermed for lite kostnadsført arbeidsgjevar-avgift. Revisor meiner at beløpet dette utgjer ikkje er vesentleg for vurderinga av rekneskapen og er derfor ikkje korrigert i 2021. Avviket blir kostnadsført i 2022.

Dagleg leiar og evt. styreleiar blir i møtet i Kontrollutvalet for å orientere og å svare på spørsmål.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om rekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bordgleder Kinn Kommune KF per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

1. Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk.
2. Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
3. Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### **Årsrekneskapen**

Selskapet har hatt omsetningsauke på 1,6 mill., som utgjer 6,1 %. Det er eit avvik

mellom sum salgsinntekter i rekneskapan og årsmeldinga med kr. 235 807.

Årsrekneskapan er gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 530 301. Dette er kr. 375 000 betre enn budsjettet på 155 000. I 2020 var driftsresultatet negativt med kr 74 894. I 2019 var overskotet på kr 159 783.

Bruttofortenesten (salgsinntekter minus posten kjøp av varer og tenester) er stabil på ca. 32 % av salgsinntektene, både i rekneskapa for 2021, 2020 og i budsjettet for 2021. Også lønnsandelen (lønn og sosiale kostnader i prosent av salgsinntektene) er stabil med 30-32 %.

Overskotsgraden/resultatandelen (resultatet i prosent av salgsinntektene) utgjer 2,1 % i 2021, mot budsjettet 0,66 % og minus 0,31 % av salgsinntektene i 2020. I 2019 var dette nøkkeltalet positivt med 0,89 %. I 2018 var overskotsgraden vesentleg betre med 4,2 %.

Den kommersielle delen av salget har auka frå 54,2 til 61,5 %, note 18.

Det er gjort oppgraderingar på kjøkkenet og kjøpt ny bil med til saman 370 000.

Disposisjonsfondet er på kr 1,2 mill. pr. 31.12.2021. Disposisjonsfondet utgjer 4,8 % av driftsinntektene. Selskapet har som mål at disposisjonsfondet er nærare 8 % av driftsinntektene.

Selskapet har ikkje langsiktige lån.

### **Årsmeldinga**

Sjukefråværet er 7,1 %.

Årsmeldinga gir eit godt oversyn over aktiviteten og utfordringane i 2021. Styret er godt fornøgd med dei økonomiske resultatet. Styret informerer at det har vore fokus på forbetringa av økonomistyringa, slik det går fram av Kontrollutvalet sin uttale for 2020. Det er bra. På grunnlag dei problemstillingane knytt til økonomi som nemnd i årsmeldinga, meiner vi at selskapet si leiing framleis bør ha stort fokus på den totale økonomistyringa framover.

Styret kommenterer at det ikkje er god nok oversikt over økonomien og peikar på rekneskapsavdelinga i kommunen som årsak til dette. Kommunedirektøren er varsla. Vi oppmodar begge partar om å bidra til fullgod oversikt over økonomien og snarleg etablering og praktisering av gode rutinar.

Leiinga vil jobbe vidare med å finne meir eigna lokalar.

Alle forhold i kommunelova § 14-7 bør innarbeidast i styremeldinga frå neste år.

§14-7 er teke inn nedanfor. I lovteksten er det brukt nemninga «årsberetning» sidan kommunelova er skriva på bokmål.

### **«§ 14-7. Årsberetning**

**Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.**

Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske

handleevnen over tid

- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
  - c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
  - d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
  - e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
  - f. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og [diskrimineringsloven § 26](#).
- Årsberetningene skal avgis senest 31. mars.

Endret ved [lov 21 juni 2019 nr. 57](#) (ikr. 1 jan 2020 iflg. [res. 21 juni 2019 nr. 776](#)).»

### **Styret i Bordgleder Kinn Kommune KF si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga**


Dokumentasjon for styret si behandling er etterspurt, men ikkje motteke.

### **Avslutning**

1. Revisor stadfester at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31.12.2021 og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar
3. Revisor har ingen merknad til den framlagde årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021
4. Vi meiner at årsmeldinga ikkje inneheld alle krav til informasjon som kommunelova §14-7 stiller. Foretaket må innarbeide desse i framtidige årsmeldingar
5. Kontrollutvalet har motteke brev frå revisor om for lite kostnadsført arbeidsgjevaravgift

### **Vedlegg i saken:**

- 1 Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2021
- 2 Rekneskap 2021
- 3 Årsmelding
- 5 Nummerert brev nr 1 2022 - Bordgleder Kinn kommune KF



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34970

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskap og årsmelding 2021 Florø Hamn KF

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 09.05.2022
  2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 2 851 677, kan godkjennast.  
Årsrekneskapen består av:
    - a. balanse per 31.12.2021
    - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
    - c. økonomisk oversikt drift
    - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
    - e. notar inkl. samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
1. Kontrollutvalet meiner at årsmeldingane kan godkjennast

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Hamnesjef Linda Mortensen Midtbø og marknads- og økonomiansvarleg Henriette Hatling orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 009/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 09.05.2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 2 851 677, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar inkl. samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet meiner at årsmeldingane kan godkjennast
4. Kontrollutvalet har motteke brev frå revisor om feil i utrekninga av

arbeidsgjevaravgift.

### **Samandrag**

Det har vore eit godt økonomisk resultat også i 2021. Årsmeldingane gjev eit godt inntrykk av drifta. Økonomien er solid.

### **Faktaopplysningar**

Ny hamnelov, ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding gjeld frå 2020.

Selskapet sitt formål er å drive Florø Hamn i Kinn kommune og er kommunen sitt hamnefaglege organ som skal ta hand om dei administrative og forvaltingsmessige oppgåvene som er lagt til kommunen etter hamne- og farvasslova, og føresegner gitt i medhald av lova.

Flora Hamn er verts-foretak for det interkommunale samarbeidet Alden Hamneområde. Alden Hamneområde sine inntekter og underskot er inkludert i Flora Hamn sin rekneskap. Det er i tillegg utarbeida eige årsrekneskap og årsmelding for Alden Hamneområde som er behandla av hamnerådet. Det bør vurderast andre måtar å innrette dette på i framtida, jamfør vår saksutgreiing i 2021.

Florø Hamn vil vere ein pådrivar i utviklinga av kysten i regionen, eit viktig trafikknutepunkt, innfallsposten til tidlegare Sogn og Fjordane Fylke, for miljøvennleg transport og meir gods over på sjø. Det jobbast med å få på plass verda sin første superladar for mindre båtar. Føretaket jobbar med bærekraft, elektrifisering, digitalisering, effektivisering, for ei grønare hamn og har stort HMS-fokus.

Selskapet starta i februar 2021 arbeidet av ny kollektivterminal og nytt kontorbygg på Fugleskjærskai i Florø. Forventa byggetid er 1,5 år.

Covid-19 har påverka foretaket sin aktivitet ved lågare passasjertrafikk generelt, færre hurtigruteanløp, kansellerte cruiseanløp mm.

Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om bruk av for lav prosentsats og dermed for lite kostnadsført arbeidsgjevar-avgift. Revisor meiner at beløpet dette utgjer ikkje er vesentleg for vurderinga av rekneskapen og er derfor ikkje korrigert i 2021. Avviket blir kostnadsført i 2022.

Hamnesjefen og eventuelt styreleiaren blir i møtet for å orientere og å svare på spørsmål.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om rekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Florø Hamn KF per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

1. Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med

- lov og god bokføringskikk.
- 2. Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
- 3. Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### Årsrekneskapen

Årsrekneskapen til Florø Hamn KF inneheld talstorleikar også for Alden Hamneområde. Årsmeldinga inneheld økonomisk informasjon vedkommande Flora Hamn og Alden kvar for seg (jfr side 27 og 29), sjå under årsmelding nedanfor. Dette bør innrettast på andre måtar i framtida.

For Flora Hamn KF og Alden Hamneområde samla sett er rekneskapen er gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på kr 2,8 mill., fordelt på 4,3 mill. i Flora Hamn og minus 1,7 i Alden Hamneområde.

Netto driftsresultat på kr 2,85 mill. er 14,2 % av driftsinntektene. Overskotet i 2020 var på 3,1 mill. og utgjør 16,7% av driftsinntektene. Dette er på same nivå som i 2018 og er svært bra. I 2019 var overskotet enda høgre, kr 7,9 mill.

Omsetninga er 2,3 mill. kr. høgre enn budsjettet og 1,9 mill. høgre enn 2020. Det økonomiske resultatet/netto driftsresultat er 1,1 mill. kr. betre enn budsjettet.

Langsiktig lån utgjør 110,6 mill. pr. 31.12.2021, auke frå kr 43,8 mil. pr. 31.12.2020. Vesentleg auke i lånegjeld kjem av bygging av ny trafikkterminal og kontorbygg i Florø.

Disposisjonsfond er på kr 18,2 mill., auke frå 13,7 mill. 31.12.2020. Dette utgjør 6,8 % av egedelane pr. 31.12.2021. Til samanlikning var dette 7 % i 2020. Sum egenkapital på 146 mill. utgjør heile 55 % av sum egedelar ved slutten av 2021. Tilsvarande for 2020 var 70 %.

Selskapet sin egenkapital og likviditet er svært solid.

### Årsmeldinga

Selskapet har 6 tilsette.

Sjukefråværet har vore på 14 % i 2021, mot 7,8 % i 2020, ein auke frå 6 % i 2019. Sjukefråværet kjem frå langtidsfråvær som ikkje er arbeidsrelatert. Langtidsfråvær slår strek ut pga. få tilsette.

Årsmeldinga er fyldig og gir eit godt oversyn over aktiviteten og prosjekta i 2021 og er svært interessant.

Styret vurderer økonomien som sunn og forventar at den vil vere det i 2022 også. Styret er likevel uroa for dei økonomiske konsekvensane av kva rehabilitering av Fugleskjærskaiia kan innebære av nødvendige tiltak.

Ein må summere beløpa på omsetning og netto driftsresultat for Flora Hamn KF og Alden Hamneområde på side 27 og 29 i årsmeldinga for å få det til å stemme med beløpa i rekneskapen, slik

	Florø Hamn side 27	Alden Hamneområde side 29	Florø Hamn Kinn Komm KF totalt i rekneskapen
for 2021			
Omsetning	17 470 666	2 577 040	20 047 706
Netto drifts- resultat	4 577 565	- 1 725 888	2 851 677

### **Styret i Florø Hamn KF si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga**

Styret gjorde slikt vedtak/innstilling 14. april 2022:

«Hamnestyret godkjenn årsmelding for 2021 slik den ligg føre. Årsmeldinga vert oppdatert med statistikk frå SSB 4. kvartal når dette er tilgjengeleg. Hamnesjefen får mynde til å korrigere eventuelle feil i talunderlag, statistikk eller skrivefeil. Hamnestyret ønskjer også at kravet i §14-7 i kommunelova vert tydelegare svart ut. Denne oppdateringa vert gjort i samråd med hamnestyreleiar, og hamnestyret får tilsendt endeleg oppdatert årsmelding. Årsmeldinga må også oppdaterast med endelege økonomital, som ikkje var klare når årsmeldinga vart handsama».

### **Hamnerådet i Alden Hamneområde si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga**

Styret/hamnerådet gjorde slikt vedtak/innstilling 21. april 2022:

«Hamnerådet i Alden Hamnelag vedtar årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre.»


### **Avslutning**

1. Revisor stadfestar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og
2. gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31.12.2021 og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
3. Revisor har ingen merknad til det framlagde årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

### **Vedlegg i saken:**

- 1 Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2021 - Florø Hamn Kinn kommune KF
- 2 Florø hamn kinn kommune KF - rekneskap 2021 til revidering (20220316)
- 3 Florø hamn kinn kommune KF - Alden hamneområde særrekneskap 2021 (20220316)s
- 4 Årsmelding 2021 Florø Hamn og Alden Hamneområde
- 5 Alden hamneområde 2021 Årsmelding signert Alden Hamneområde
- 6 Styrebehandling Årsmelding Florø Hamn Kinn kommune KF
- 7 Nummerert brev nr 1 2022 - Florø Hamn Kinn kommune KF





# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34972

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskap og årsmelding 2021 Havhesten KF

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 10.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 2 023 559 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar
1. Kontrollutvalet meiner at årsmeldinga kan godkjennast.
2. Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om for lite kostnadsført arbeidsgjevaravgift.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Dagleg leiar Magny Kalvøy Rogne og styreleiar Anders Ole Sunnarvik orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 010/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 10.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 2 023 559 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar
3. Kontrollutvalet meiner at årsmeldinga kan godkjennast.
4. Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om for lite kostnadsført

arbeidsgjevaravgift.

### **Samandrag**

Selskapet har hatt eit godt økonomisk resultat i 2021, med vesentleg auke både i omsetning og overskot, etter at 2020 var prega av rehabilitering og utbygging.

### **Faktaopplysningar**

Ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding gjeld frå 2020.

Selskapet som har 6,4 årsverk driv symjehallen Havhesten i Florø. Selskapet kan stå for anna aktivitet i tillegg dersom det styrkar inntektsgrunnlaget og er tilpassa badeaktivitetane.

Anlegget blei rehabilitert og bygd ut i 2020 for 58 mill. kr.

Årsrekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på kr. 2 023 559.kr., mot eit budsjettert underskot på kr. 203 000. Overskotet i 2020 var kr. 530 710.

Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om bruk av for lav prosentsats og dermed for lite kostnadsført arbeidsgjevar-avgift. Revisor meiner at beløpet dette utgjer ikkje er vesentleg for vurderinga av rekneskapen og er derfor ikkje korrigert i 2021. Avviket blir kostnadsført i 2022.

Dagleg leiar og evt. styreleiar blir i møtet for å orientere og å svare på spørsmål.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om rekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Havhesten Kinn Kommune KF per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

1. Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.
2. Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
3. Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### **Årsrekneskapen**

Netto driftsresultat er positivt med kr. 2 023 559. Dette utgjer 15,75 % og er vesentleg betre enn budsjettert resultat som var eit underskot på kr. 203 000. Overskotet i 2020 var kr 530 710 som utgjer 10,5 % av brutto driftsinntekter på kr. 5 081 695 mill. I 2019 var overskotet kr 81 742 som utgjorde ca.1 % av driftsinntektene.

Omsetningsauken frå 2020 då det var drift i to månadar er på 153 % og ligg 17 % over

budsjettet for 2021.

Bruttofortenesten i prosent av driftsinntektene (driftsinntekter minus posten kjøp av varer og tenester) er stabil rundt 75 – 78 %. Lønnsandelen (lønn og sosiale kostnader i prosent av driftsinntektene) har auka frå 30 % i 2020 til 39,5 %. Dagleg leiar vil forklare dette i møtet.

Selskapet si langsiktige lånegjeld er på 49,1 mill. kr.

Heile overskotet på 2,023 mill. er sett av til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er på 3,1 mill. pr. 31.12.2021 og utgjer 24% av driftsinntektene. Det er bra. Pr. 31.12.2020 var tilsvarande nøkkeltal 21 %.

Eigenkapitalandelen (sum eigenkapital i % av sum eidedelar) er 24,3 %. Ved førre årsskifte utgjorde den 20,8 %. Tilsvarande forholdstal ved utgangen av 2019 var 17 %.

### **Årsmeldinga**

Både inntektene og kostnadane er påverka av pandemien.

Sjukefråværet er 16%. Dagleg leiar orienterer i møtet.

### **Styret i Havhesten Kinn Kommune KF si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga**

Styret sitt vedtak: Styret godkjenner rekneskapen slik den ligg føre i utkastet.

Årsmelding: Dagleg leiar presenterte forslag til årsmelding 2021.

Styret sitt vedtak: «Tek informasjonen til vitande.»

### **Avslutning**

1. Revisor stadfestar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og
2. gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31.12.2021 og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
3. Revisor har ingen merknad til det framlagde årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.
4. Det er motteke brev frå revisor om for lite kostnadsført arbeidsgjevaravgift.


### **Vedlegg i saken:**

1 Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2021

2 Rekneskap 2021

4 Årsmelding Havhesten Kinn kommune KF 2021

5 Nummerert brev nr 1 2022 - Havhesten Kinn kommune KF



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34973

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskap og årsmelding 2021 Kinn utdannings- og ressurscenter KF

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr. 1 069 398, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar
3. Kontrollutvalet meiner at årsmeldinga kan godkjennast.
4. Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om for lav kostnadsføring av arbeidsgjevaravgift.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Dagleg leiar Ninja Tolo Ness orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 011/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11.05.2022.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr. 1 069 398, kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
  - a. balanse per 31.12.2021
  - b. oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. økonomisk oversikt drift
  - d. oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. notar
3. Kontrollutvalet meiner at årsmeldinga kan godkjennast.
4. Kontrollutvalet har motteke nummerert brev frå revisor om for lav

kostnadsføring av arbeidsgjevaravgift.

### **Samandrag**


Føretaket har hatt eit økonomisk resultat for 2021 og 2020 som er vesentleg betre enn 2019.

Føretaket har behov for å bygge opp økonomisk reserve, då både inntekter og kostnadar svingar.

Endringane i den nye kommunelova og økonomiforskrifta frå 2020 er i hovudsak innarbeida i årsmeldinga for 2021.

### **Vedlegg i saken:**

- 1 Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2021 - KURS KF
- 2 Rekneskap 2021
- 3 Nummerert brev nr 1-2022 Kinn Utdannings- og ressurscenter KF
- 4 Årsmelding 2021
- 5 Vedtak i styret om årsrekneskapen 2021 KURS



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34974

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Rekneskap og årsrapport 2021 og konsolidert rekneskap

### Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11. mai 2022
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit netto driftsresultat på kr 25 304 204 for kommunen og kr 31 779 139 for konsernet, kan godkjennast. Årsrekneskapen for kommunen består av:
  - a. Balanse per 31.12.2021
  - b. Oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. Økonomisk oversikt drift
  - d. Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. Notar medrekna oversikt over vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen som gjeld Kinn Kommune og 4 kommunale føretak er sett saman av:

- a. Balanse 31.12.2021
  - b. Driftsrekneskap
  - c. Investeringsrekneskap
  - d. Notar ink.l oversikt over rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet meiner at, dei obligatoriske delane i dokumentet «Årsrapport og årsberetning 2021», kan godkjennast.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen, kommunalsjef økonomi Linda Nipen og rekneskapsjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål.

#### KOUT- 012/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2021 datert 11. mai 2022

2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årsrekneskapen, som viser eit netto driftsresultat på kr 25 304 204 for kommunen og kr 31 779 139 for konsernet, kan godkjennast. Årsrekneskapen for kommunen består av:
  - a. Balanse per 31.12.2021
  - b. Oversikt over løyvingar til drift og investeringar
  - c. Økonomisk oversikt drift
  - d. Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar
  - e. Notar medrekna oversikt over vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen som gjeld Kinn Kommune og 4 kommunale føretak er sett saman av:

- a. Balanse 31.12.2021
  - b. Driftsrekneskap
  - c. Investeringsrekneskap
  - d. Notar ink.l oversikt over rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet meiner at, dei obligatoriske delane i dokumentet «Årsrapport og årsberetning 2021», kan godkjennast.

### **Samandrag:**

Kinn Kommunen leverer eit solid overskot i 2021, som er vesentleg betre enn forventa og rapportert gjennom året. Økonomien kjem likevel til å vere krevjande framover.

### **Faktaopplysningar**

Ny kommunelov og ny forskrift om økonomiplaner, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport gjeld frå 2020. Den nye kommunelova stiller strengare krav til m.a. internkontrollen og informasjon om økonomien i årsmeldinga/årsrapporten.

Konsernrekneskapen består av Kinn Kommune og dei fire kommunale foretaka:

- Bordgleder Kinn Kommune KF
- Florø Hamn Kinn Kommune KF
- Havhesten Kinn Kommune KF
- Kinn Utdannings- og Ressurssenter KF

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om rekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kinn Kommune og konsernet Kinn Kommune per

31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

1. Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk.
2. Årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
3. Revisor er ikkje kjend med forhold som gir grunnlag for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Vi gjer merksame på at kommunen brukar omgrepet årsrapport og årsberetning. Revisor omtalar dette som årsmelding.

### **Årsrekneskapen**

Årsrekneskapen er avslutta med eit positivt netto driftsresultat (overskot) på kr 25,3 mill. Det justerte budsjettet viste eit underskot på kr 16,3 mill. I 2020 var underskotet på 32,7 mill. kr. Det positive resultatet kjem av betre skatteinnang enn forventa, noko som er tilfelle for mange kommunar. I tillegg mottok kommunar betydelege beløp frå staten i kompensasjon for utgifter under pandemien. Den kommunale drifta i Kinn kom samla sett ut med eit forbruk som er lågare enn det kommunestyret har løyvd. Nokre tenester har likevel meirforbruk.

Til tross for vesentleg overskot i 2021 har Kinn Kommune framleis utfordringar i drifta og må omstillast slik at kostnadane i større grad blir i samsvar med inntektene.

Kommunedirektøren meiner at ein har teke ut effektar av kommunesamanslåinga, men at der er meir å hente.

Netto driftsresultat utgjer 1,4 % av brutto driftsinntekter (resultatgrad). Teknisk Berekningsutval (TBU) tilrår at denne prosentsatsen er positiv med 1,75% for at kommunen skal ha ein berekraftig økonomi over tid. Tilsvarende forholdstal i 2020 var negativt med 2 %. I 2019 var det positivt med 0,97 % i Vågsøy og negativt med 1,3 % i Flora Kommune. Kommunestyret har vedteke mål om at netto driftsresultat bør vere 2 % av driftsinntektene.

Storleiken på netto driftsresultat gir indikasjon på kommunen sin handlefridom. Svake driftsresultat gir kommunar avgrensa handlefridom. Riksrevisjonen har slått fast at det er ein samanheng mellom lave driftsresultat og lavt disposisjonsfond som gir utfordringar for norske kommunar. Dette omtalar Riksrevisjonen som lav kommunaløkonomisk berekraft (KØB). Å nå dei tilrådde måltala kan vere gode styringskompass for kommunestyret for å ivareta sitt overordna økonomiske ansvar og handleevne over tid. Sameinte Nasjonar (SN/FN) definerer berekraft som «utvikling som tilfredstillar dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheit til å tilfredsstille sine».

Kommunar som har høg lånegjeld og brukar større del av inntektene på renter og avdrag enn andre. Dette krev høgre driftsresultat for å kunne gjere opp for høge finansutgifter. Om ein har høg lånegjeld, lavt driftsresultat og lavt disposisjonsfond styrer mot ein enda vanskelegare økonomi.

Heile overskotet i 2021 er avsett til disposisjonsfond, som er på kr. 40,4 mill. ved utgangen av året. Dette er auke frå 15,2 mill. pr. 31.12.2020. Disposisjonsfondet utgjer



2,3 % av brutto driftsinntektene. I 2020 var dette nøkkeltalet 0,9 %.

Teknisk Berekningsutval TBU meiner at disposisjonsfondet bør utgjere minst 5% av inntektene for at kommunar skal ha tilstrekkeleg økonomisk støytpote.

Netto lånegjeld utgjør 140 % av brutto driftsinntekter. I 2020 var dette talet 146 % av inntektene. Det blir tilrådd at lånegjelda ikkje utgjør meir enn 100 % av brutto driftsinntekter. I 2019 var dette nøkkeltalet 108 % i Vågsøy og 138 % i Flora Kommune. Kinn si lånegjeld ville vore enda høgare dersom alle vedtekne investeringar hadde vore gjennomførde.

Kinn Kommune brukar 7,6 % av bruttoinntektene på renter og avdrag. I 2020 utgjorde dette 8,1% av driftsinntektene. Dette betyr at kommunen brukar ein stor del av inntektene til å gjere opp for låneforpliktelsane. Når renta aukar vil kommunen få enda høgare belastning som igjen forverrar driftsresultatet.

Å nå finansielle mål er viktig for å ha ein berekraftig økonomi. Svake økonomiske resultat over tid gir mindre handlingsrom. Ein kan seie at høg lånegjeld krev at ein har eit høgt netto driftsresultat, slik at kommunen er i stand til å dekke forpliktelsane sine til renter og avdrag.

Kommunen er i ein omstillingsprosess og det vil ta tid å tilpasse driftsutgiftene til inntektene.

## **Årsrapport/årsberetning 2021**

Årsrapporten/årsberetninga er fyldig og er svært interessant å lese.

Folketalets-utviklinga viser ein nedgang på 29 personar, som er lågare enn nedgangen i 2020 på 67 personar.

Pandemien har vore utfordrande. M.a. har sjukefråværet auka.

Sjukefråværet held seg høgt med 10,6 %, auka frå 8,7 % i 2020.


Kinn Kommune har høg lånegjeld og relativt lavt disposisjonsfond. Kommunedirektøren konstaterer at kommunen har store utfordringar med å tilpasse driftskostnadane til inntektene. Ein slik situasjon vil ikkje vere berekraftig.

## **Avslutning**

1. Revisor stadfestar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2021 og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
2. Revisor har ingen merknad til det framlagde årsrekneskapen og årsrapporten og årsberetninga for 2021.
3. Til tross for godt økonomisk resultat i 2021 er den økonomiske situasjonen for kommunen framleis alvorleg og handlingsrommet og berekrafta avgrensa.

**Vedlegg i saken:**

- 1 Revisjonsmelding - Kinn kommune 2021
- 2 Kinn kommune - rekneskap 2021
- 3 Kinn kommune konsolidert - rekneskap 2021



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34958

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Vedtaksoppfølging

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Dagleg leiar og kommunedirektør orienterte om oppfølging av dei sakene som enda ikkje er avslutta.

### KOUT- 013/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

### Vedlegg i saken:

Vedtaksoppfølging



# Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/34976

Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande

Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Kontrollutvalet	24.05.2022

## Saker til eventuell seinare behandling

### Kontrollutvalet 24.05.2022:

#### Handsaming:

Kjell Heggen stilte spørsmål vedkomande ytelsar til styreleiarane i dei kommunale føretaka. Det må takast opp med dei kommunale føretaka om at møteinnkalling/møtedokument m.v til styremøta kjem fram på kommunen si heimeside samt at spørsmålet om journalføring av inn og utgåande post vert fullstendig. Dagleg leiar i Vest kontroll opplyste om at dette er eit av dei punkta dei vil ta opp med dei kommunale føretaka når vi skal ha møte med dei.

Bjørn Hollevik stilte følgjande spørsmål

1. Kor førebudd er Kinn kommune på å handtere varslings saker om uetisk adferd/korrupsjon. Har ein dilemmatrening? (Om dei har eit system for å takle dette)
2. Korleis/til kven kan innbyggjarane varsle kommunen om uetisk adferd/korrupsjon?
3. Har kommunen nedfelt reaksjonar ved uetisk adferd/korrupsjon mot tilsette eller eksterne samarbeidspartar?

Kommunedirektøren Øyvind Bang-Olsen opplyser at han på neste møte ynskjer å orientere om kommunen si praktisering av plan- og bygningslova.

Han opplyste at informasjon som skulle vere unntatt offentleg innsyn, er kome på postlista, informasjon om brotet er sendt til datatilsynet. Kommunen jobbar med å sikre at slikt ikkje skal skje vidare. Blant anna med opplæring.

#### KOUT- 014/22 Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber styra i dei kommunale føretaka om ei skriftleg orientering om ytelsar til styreleiarane.
2. Kontrollutvalet vil be føretaka sørge for fullstendig journalføring av inn- og utgåande post.
3. Kontrollutvalet gjer merksam på at dei kommunale føretaka er offentlege organ og ber om at innkalling, saker og møteprotokollar fortløpande kjem fram på heimesida til kommunen under møteplan.
4. Kontrollutvalet viser til spørsmåla medlem Bjørn Hollevik stilte og ber om kommunedirektøren si tilbakemelding helst i første møte j.f. det som kjem fram under møtehandsaming.
5. Kontrollutvalet ser fram til kommunedirektøren si orientering på neste møte om praktisering av plan- og bygningslova.

**Saksopplysningar:**

Sekretariatet har ikkje fått verken skriftlege eller munnlege henvendingar.